



Sandøy kommune

PRESSEMELDING - Sandøy kommune meldast inn i ROBEEK

Sandøy kommune vart måndag 5.september orientert av Fylkesmannen om at kommunen vert innmeldt i Robek i løpet av veka.

Grunnlag for beslutning at Sandøy kommune i 2014 hadde eit meirforbruk på 3,4 mill. kroner. Kommunestyret vedtok å dekke meirforbruket med bruk av fond i kommunestyresak 15/28.

Administrasjonen, etter rådføring med revisjonen, så dette som eit mangelfullt vedtak sidan det mangla både årstall for inndekking og bruk av type fond. Det ble difor gjort eit presiseringsvedtak i kommunestyresak 15/47 kor ein vedtok å dekke inn meirforbruket frå 2014 i rekneskap 2016 ved bruk av disposisjonsfond.

I kommunaldepartementets brev av 05.02.13 til fylkesmennane presiserast det at vilkåra for registrering i ROBEEK skal baserast på kommunen sitt opprinnelege vedtak og ikkje vedtak om endringar som er gjort i etterkant. Sak 15/28 er dermed grunnlaget for fylkesmannen si vurdering om underskotsdekking er oppfylt.

Det er på denne bakgrunn Sandøy kommune vert meldt inn i register om betinga godkjenning og kontroll (ROBEEK). Sandøy kommune dekkjer inn meirforbruk frå 2014 i rekneskapet for 2016 ved bruk av disposisjonsfond. Kommunen vil då bli utmeld av ROBEEK etter ny behandling av fylkesmannen. Dette skjer våren 2017.

Harøy, 13.september 2016

Ann-Heidi Paulsen Orvik

Rådmann